



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Fastsetjing av resultat 2024

Vedlegg

Dokument i saka

Årsmelding for 2024

Årsrekneskap for 2024

Økonomi- og handlingsplan for 2024 – 2027 og årsbudsjett for 2024

Bakgrunn

Vinje kommune sin organisasjonsmodell har vore tufta på sjølvstyrte verksemder og økonomisk rammestyring. I prinsippa for rammestyring ligg m.a. at tenesteområda / verksemdene vert gjort ansvarlege for det økonomiske resultatet sitt. Dei har fått behalde overskot, medan dei har måtte betale attende underskot. Nærare reglar om rammestyring er fastsett i økonomireglementet for kommunen, under budsjettreglementet kap. 1, §§ 5 og 8. I dette reglementet står det at kommunestyret skal fastsetje endeleg årsresultatet for kvart tenesteområde / verksemd i samband med handsaming av rekneskapen. Det står vidare at det som fylgje av omorganiseringa frå 2022 blir lagt opp til at organisasjonen i større grad omfordelar midlar på tvers av verksemder innom eit tenesteområde. Dette vil altså kunne påverke fastsetjing av årsresultat meir enn tidlegare år.

Resultatet for det einiskilde tenesteområdet inneheld eventuelle overskot og underskot frå tidlegare år, og gjev såleis ikkje nødvendigvis uttrykk for resultatet av "fjorårets drift", men det som er akkumulert av over/underskot frå tidlegare år.

Det bokførte rekneskapsresultatet går fram av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024.

Vurdering

I budsjettprosessane har ein over fleire år freista å justere verksemdene sine budsjетtrammer, slik at dei stemmer med aktivitetsnivå og forventa tenesteproduksjon. Likevel ser ein til dels store avvik, som skuldast ulike årsaker i tenesteområda.

Kommuneorganisasjonen er dela inn i 7 tenesteområde, og av desse hadde to eit meirforbruk i 2024, medan 5 hadde til dels store mindreforbruk. Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk syner at kommunen totalt sett hadde eit netto mindreforbruk i 2024 på kr 23,8 mill. Tenesteområda hadde samla eit netto mindreforbruk på kr 4,3 mill., sjølvkostområda stod for omlag kr 4,6 mill. i mindreforbruk, medan sentrale inntekter og fellesansvar hadde eit mindreforbruk på kr 14,9 mill.

Etter at rekneskapen vart avlagt og revidert, fekk me i mai 2025 bistand frå systemleverandør med å koma ajour med bokføring av sjukelønsrefusjonar. Grunna omlegging til nytt økonomisystem har me hatt noko etterslep på dette området. Resultatet av dette, var m.a. at det vart bokført kr 3,5 mill. i sjukelønsrefusjonar som gjeld 2024. Dette er altså bokført hjå dei respektive tenesteområda i 2025. Denne handlinga påverkar i varierende grad faktisk resultat for 2024 for dei ulike tenesteområda, og blant dei som fekk større beløp bokført kan ein nemne:

- Helse og meistring sitt resultat for 2024 skulle vore kr 2,1 mill. betre enn det som går fram av rekneskapen
- Oppvekst sitt resultat for 2024 skulle vore kr 580.000 betre enn det som går fram av rekneskapen
- Teknisk, drift og infrastruktur sitt resultat for 2024 skulle vore kr 325.000 betre enn det som går fram av rekneskapen
- Kultur, næring og fritid sitt resultat for 2024 skulle vore kr 205.000 betre enn det som går fram av rekneskapen
- Organisasjon og innovasjon sitt resultat for 2024 skulle vore kr 95.000 betre enn det som går fram av rekneskapen
- Plan, økonomi og berekraft sitt resultat for 2024 skulle vore kr 90.000 betre enn det som går fram av rekneskapen

Det er kvart år etterslep på bokføring av sjukelønsrefusjonar, av meir naturlege årsaker slik som rapportering mellom kommunen og NAV, og at me i fleire år har sett inntil 3 månader forseinking i refusjonane frå NAV. Kommunedirektøren meiner såleis at det ikkje blir riktig å korrigere for heile beløpet som er bokført i 2025, men som gjeld 2024, og rår til at om lag 70 % av refusjonsinntekta blir teke høgde for ved fastsetjing av resultatet for 2024.

Kommunedirektøren

Kommunedirektøren hadde eit mindreforbruk på kr 3,1 mill., der løyving på kr 3,5 mill. til planlegging av Fv38 ikkje kom til utbetaling i 2024 er hovudårsaka. Fylkeskommunen opplyser at planarbeidet ikkje startar før i 2026.

Utover dette er det eit meirforbruk på om lag kr 370.000. Dette skuldast i noko grad utgifter knytt til Heimdal-prosjektet, og andre uføresette advokatutgifter m.m.

Kommunedirektøren rår til at tenesteområdet ikkje får med seg noko av det samla mindreforbruket.

Oppvekst

Oppvekst hadde eit samla meirforbruk på kr 1,5 mill. Dette talet inkluderer eit mindreforbruk knytt til barnevernstenestene på kr 700.00. Innom dette området er det venta ei kraftig kostnadsauke i 2025.

Tenesteområdet fekk med seg eit meirforbruk frå 2023 på kr 400.000.

Det har vore eit år med relativt store utfordringar bemanningsmessig i både skular og barnehagar for Vinje oppvekst. Dette gjenspeglar seg mellom anna i høgare utgifter enn budsjettert på vikar og overtid for å dekke opp for fråvær. Totalt har Vinje oppvekst eit overforbruk på 0,9 % på årsbasis som utgjer om lag kr 1,5 mill. Dette er i hovudsak innleigde vikarar i høve korttids sjukefråvær. Noko har også gått med til overtidsbetaling. Vikarmangel i oppvekstsektoren er eit aukande nasjonalt problem som ofte utløyser onde sirklar. Ved sjukefråvær utan at ein greier å dekke opp for fråværet, blir det auka belastning for dei som står att. Så får me diverre nye sjukedagar på dei som stod igjen. Særleg krevjande har det vore å sjå på parallelt med få barn og mange halvtomme avdelingar morgon og kveld.

Dette vonar me å endre på ved ny opningstid frå neste barnehageår. Fleire av verksemdene har også overforbruk i høve innkjøp av læremateriell som langt overstig dei summane Utdanningsdirektoratet har løyvd. Dyr arbeidskledeavtale slår også ut med eit par hundre tusen over budsjett. I tillegg kan ein sjå at dei fleste barnehagar og skular har fått høgare lønsutgifter som resultat av mange ukrainske barn. Me har tatt imot mange flyktningar i kommunen, og for nokre verksemdar har det vore ressurskrevjande. Barn frå ulike delar av landet på ulike alderstrinn gjer at me må bruke uforholdsmessig mykje ressursar for å gje eit relativt lågt tal på barn eit godt opplæringstilbod. Til saman 8 ukrainske flyktningar vart tilsett i Vinje oppvekst i 2024. Statlege tilskotsmidlar er ikkje i nærleiken av å gje dekning for dei faktiske utgiftene i høve tolk og pedagogar. Oppvekst har fått tilført mykje av integreringsbufferen gjennom året, men truleg har ikkje dette dekt opp for alle meirutgiftene.

Samla rår kommunedirektøren til at oppvekst får med seg eit meirforbruk på kr 400.000 knytt til sjukelønsrefusjonane som er bokført i 2025.

Plan, økonomi og berekraft

Tenesteområdet hadde eit mindreforbruk på omlag kr 760.000. Hovudårsaka er mindreforbruk på planarbeid, ettersom det er gjort løyvingar i 2023 og 2024, medan avtalene med konsulentane går over fleire år. For at planarbeidet skal kunne fylgje framdriftsplanen, er det naudsynt å løyve opp att mindreforbruket. Mykje er knytt til arealdelen, som kjem til politisk handsaming våren 2025.

Kommunedirektøren rår til at tenesteområdet får med seg heile mindreforbruket, men korrigert for sjukelønsrefusjonane som er bokført i 2025 blir dette redusert til kr 700.000.

Helse og meistring

Tenesteområdet hadde eit samla meirforbruk på omlag kr 4,2 mill., men som nemnt innleiingsvis så hadde tenesteområdet kr 2,1 mill. til gode i sjukelønsrefusjonar.

- NAV hadde eit mindreforbruk på omlag kr 1,3 mill., som skuldast lågare utbetaling av sosialstønad enn det som var lagt til grunn i revidert budsjett.
- Helse og meistring hadde elles eit meirforbruk på omlag kr 5,5 mill. Det er relativt store variasjonar mellom verksemdene med omsyn til resultat.
 - Institusjonstenester har eit underskot på om lag kr 3 mill. Hovudårsaka er ekstra innleige av sjukepleiar frå byrå, og ekstra personell relatert til ressurskrevjande pasientsituasjonar. Vikarbank blei fjerna ved årsskiftet i samband med endra arbeidstidsordning og innføring av årsturnus.
 - Heimetenestene har meirkostnader på Rauland knytt til rehabilitering av omsorgssenteret, og i øvre Vinje har ein gjennom året gjort grep for å få betre kontroll på lønsutgiftene, men er ikkje i mål enno. Åmot distrikt går nær i balanse.
 - Når tenester til personar med særlege behov går med eit stort overskot, skuldast dette hovudsakleg at integreringstenesta syner eit svært godt resultat, og truleg skulle noko budsjettmidlar vore fordelt ut i andre verksemdar innom Helse og meistring.
 - I helse og førebygging er det legeavdeling/legevakt og jordmortenesta som har underskot, for legetenesta primært knytt til innleige av legevikarar.
- Unyttar midlar i ordninga for bustadtilskot og stimuleringstilskot utgjorde høvesvis kr 1,2 mill. og kr 1 mill. Det er gjort vedtak i 2024 som kjem til utbetaling i 2025, så det er naudsynt at desse midlane blir løyvd opp att.

Kommunedirektøren rår til at tenesteområdet får med seg kr 1,4 mill. av meirforbruket knytt til sjukelønsrefusjonar bokført i 2025, og i tillegg blir midlar knytt til bustadtilskotsordning og stimuleringstilskotsordning på totalt kr 2,2 mill. løyvd opp att for 2025.

Organisasjon og innovasjon

Tenesteområdet hadde eit mindreforbruk på omlag kr 110.000. Hovudårsaka er knytt til sjukefråvær og mottekne sjukelønsrefusjonar samstundes som det ikkje er leigd inn vikar. Det var elles eit meirforbruk innan det politiske området, i form av tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle og reiser.

Kommunedirektøren rår til at tenesteområdet ikkje får med seg mindreforbruket, då dette så godt som blir utlikna av bokførte sjukelønsrefusjonar i 2025.

Teknisk drift og infrastruktur

Teknisk drift og infrastruktur hadde eit mindreforbruk på omlag kr 1,7 mill.

- Innan vedlikehald er det eit meirforbruk knytt til rehabilitering av bada på helsesenteret. Det vart sett av kr 3 mill. over to år, og svært mykje av denne kostnaden er bokført i 2024, men arbeidet held fram i 2025.
- Det var noko meirutgifter på leige av bustader for flyktningar.
- Meirinntekter skuldast i hovudsak høgare husleigeinntekter og meir momskompensasjon på grunn av høgare kostnader.
- Kommunens straumutgifter vart lågare enn budsjettet med om lag kr 3 mill.

Kommunedirektøren rår til at tenesteområdet får med seg kr 200.000 i meirforbruk knytt til sjukelønsrefusjonar.

Kultur, næring og fritid

Tenesteområdet hadde eit samla mindreforbruk på kr 4,4 mill.

- Kultur hadde eit mindreforbruk på kr 840.000. Dette skuldast hovudsakleg forseinkingar i arbeidet med å etablere kulturstiar i Vinje. Det har teke tid å finne rette turmål, skape innhald og ikkje minst lyse ut oppdraget med å skape skilta. I tillegg vart arbeidet med å fullføre vedtaket om å etablere seniorsenter må Rauland (med løyving på kr 250 000) gåande gjennom året med utgreiing av fleire ulike alternativ for lokalisering. Me fekk difor ikkje gjort alle naudsynte innkjøp før årsslutt. Det vil ikkje vere naudsynt med fast løyve til seniorsenteret på Rauland då det er etablert samlokalisering med Rauland ungdomsklubb som me allereie betaler leige for. Men det vil vere naudsynt med noko oppgradering av lokalet i 2025 for å sikre at tilbodet fungerer godt for både ungdomar og seniorar.

Det har vore to langtidssjukemeldingar i 2024 som har gjort at det har vore mogleg å ha eit underforbruk. Det er berre sett inn vikar for delar av sjukemeldingane. Utan desse sjukemeldingane hadde verksemda ikkje levert eit mindreforbruk.

Korrigert for bokførte sjukelønsrefusjonar i 2025, er mindreforbruket på kr 700.000.

- Etter ein omfattande gjennomgang i 2023, med stort overforbruk, har ein i 2024 greidd å redusere dette ein god del. Likevel er det eit uføresett overforbruk, etter at ein tek høgde for løyvingar som enno ikkje er utbetalt, men som ein ber om å få løyvd opp att i 2025. Resultatet viser eit mindreforbruk på kr 3,5 mill., men korrigert for naudsynte oppattløyvingar er faktisk resultat eit meirforbruk på om lag kr 830.000. Årsakene er bl.a. mange tiltak som dukkar opp som følgje av eksterne krav, behov og stor aktivitet på fleire frontar. Ein nemner utgifter til fiber på Møsstrand (som åleine utgjør omlag kr 350.000 og me trudde fylket gjennom Nkom-midlar ville dekkje), ikkje føresette prisendringar, kostnader i samband med pålagte tenester, vedlikehald av bygg, anlegg og maskiner. Ein del bruk av advokatar i samband med ulike næringsrelaterte spørsmål
- Totalt er det behov for å løyve opp att kr 4.360.000 fordelt slik:
 - Landbruksløyvingar kr 2,1 mill.
 - Draghaug kr 450.000
 - Eigarskifte kr 300.000
 - Reiselivsstrategi Visit Telemark kr 333.000
 - Sam Eyde-båten kr 420.000
 - Kvito tilskot rulle kr 160.000
 - Ulike andre løyvingar til næringsføremål totalt kr 560.000

Samla sett rår kommunedirektøren til at tenesteområdet får med seg kr 5,1 mill til 2025.

OPPSUMMERING

Oppsummert medfører kommunedirektøren sine framlegg til fastsetjing for dei ulike tenesteområda ei samla bruk av disposisjonsfond på kr 8,27 mill. Totalt mindreforbruk for kommunen i 2024 var som nemnt innleiingsvis kr 23,8 mill.

Tenesteområde	Fastsetjing av årsresultat
Kommunedirektøren	0
Plan, økonomi og bærekraft	700.000
Organisasjon og innovasjon	0
Oppvekst	-400.000
Helse og meistring	800.000
Teknisk drift og vedlikehald	-200.000
Kultur, næring og fritid	5.060.000
SUM	5.960.000

Økonomi- og finansreglementet som vart vedteke i juni 2022, slår fast at dersom nettoeffekten av årets premieavvik, amortiserte premieavvik og andre pensjonsavrekningar er positiv, så skal dette netto beløpet setjast av til eit internt pensjonsfond, som kan nyttast til å dekkje opp eventuelle negative netto premieavvik i seinare år. Avrekningane for 2024 utgjorde kr 4,3 mill., og det blir rådd til at heile dette beløpet bør setjast av til pensjonsfondet. Saldo på pensjonsfondet før denne saka er kr 11,3 mill.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Årsresultatet for 2024 for dei ulike tenesteområda vert fastsett slik det går fram av tabellen i saka. Totalt utgjer dette ei oppattløyving til drift med kr 5,96 mill. som blir finansiert frå disposisjonsfond.

Kr 4,3 mill blir avsett til pensjonsfondet, finansiert frå disposisjonsfond.